

Referat frå møte i FAU Kleppe skule 29.08.2017 kl. 19:00.

Til stades:

- 1.trinn: Lisbeth Skogland
- 2.trinn: Else Berit Hattaland (referent)
- 3.trinn: Inghild Versland
- 4.trinn: Anders Bøe
- 5.trinn: Beate Braut
- 6.trinn: Dag Folkvord
- 7.trinn: Torunn Vigrestad
- SFO: (Ikkje representert)
- Skulen: Sylvia Gjersdal

1. **Godkjenning av referat 13.06.17.**

Referatet blei godkjent.

2. **Nytt FAU – konstituering.**

Leiar: Dag Folkvord
Nestleiar: Torunn Vigrestad
Kasserar: Inghild Versland
Skrivar: Else Berit Hattaland (vara: Torunn Vigrestad)
Kommunalt FAU: Anders Bøe

3. **Ny fane – finansiering, prosjektkonto.**

Viser til vedlagte tilbod fane frå Oslo Flaggfabrikk i innkallinga. Me vil primært bruka ope hus kvelden i jubileumsveka til å samla inn pengar til ny fane gjennom loddsal og kafédrift. Dag skriv også brev til Jæren Sparebank og Coop/ Jærhagen og ber dei gje sitt økonomiske bidrag til ny fane for Kleppe skule.

4. **50-årsjubileum, aktivitetar.**

Sylvia fortalde at dei hadde hatt komitémøte same dag. Dei føreslår at me brukar ein kveld i jubileumsveka til å samla inn pengar til ny fane. Dette erstattar i år vanleg aksjonskveld. Det blir ope hus og jubileumskomiteen ser for seg at kafédrifta blir gjort av foreldra og at ungane har "fri" til å delta og organisera aktivitetar elles på skulen. Det blir ein fest over tre dagar med kake for ungane og personalet, dagstur til Dalsnuten og så ope hus siste kvelden. Det blir eige arrangement for personalet, tidlegare rektorar og pensjonistar ved skulen. Skulen håpar på å få finansiert t-skjorter med maskoten "Gje ein klem". Det vil bli teke eit jubileumsbilete av heile personalet og elevgruppa som kan kjøpast av dei som vil seinare.

Me diskuterte litt om det var rett å setja i gang pengeinnsamling til fana for skulen gjennom kafédrift, om dette burde finansierast av kommunen eller med middel frå 17.mai-komiteen sin konto. Me kom fram til at det er eit godt tiltak og er med på å skapa samhald og eigarskap til skulen. Me kan vurdere å be om pengar frå 17.mai-komiteen.

FAU ber skulen ved Sylvia gje klar tilbakemelding til FAU/foreldrekontaktane kva me som foreldre skal bidra med i forhold til kakebaking, kafédrift og loddsal.

5. **Finansiering av FAU – aktivitet som genererer inntekt.**

Me diskuterte korleis skaffa pengar. Me kan ha aktivitetar som ope hus kor elevar kan gjera ulike aktivitetar ved å betala ein liten sum når dei kjem. Alternativt kan me søkja om pengar frå sponsorar. Me har søkt om pengar frå stiftingar for å få finansiert reflekskonkurransen så langt. Me søkte på nytt i fjor, men fekk ikkje

Referat frå møte i FAU Kleppe skule 29.08.2017 kl. 19:00.

middel tildelt. Me bør vurderer å søkja på nytt. Finansiering av aktivitetar kan gjerne også sikrast gjennom å auka den frivillige innbetalinga frå foreldra til klasse-/trinnkassen. Me var usikre på korleis organisera fordelinga av innsamla middel mellom trinnkasse/finansiering FAU eller felles aktivitetar skulen. Det kom eit godt forslag om å dela ut ein eigen lapp med oppmoding om innbetaling til trinnkasse slik at det enkelt kan hengast opp på kjøleskapsdøra. Det bli ein god hugselapp for foreldra. Det bør vera skulen som organiserer trinnkassane og at det bli laga ein kasse som følgjer kullet frå dei startar i første klasse. Slik unngår me at folk flyttar og rot med kontoar. Uansett må det vera slik at det er FAU/foreldrekontaktane som krev inn pengane, ikkje skulen. Sylvia skal sjekka kva som er mogleg for skulen å ta ansvar for og om kvart trinn kan få sin Vipps-konto med rette personane i kommunen. FAU kjem tilbake til finansiering og eventuelt auka frivillig foreldrebetaling inn til trinnkasse våren 2018.

6. **Nye 17.mai på Kleppe - komité.**

Viser til vedlegg sakspapir. Det trengst å tenkja nytt om korleis organisera og arrangera 17.mai på Kleppe skule. Dei som sit i 17.mai-komiteen frå 7.trinn har nok med å berre gjennomføra dagen slik den alltid har blitt gjort. Dag skal ta dette opp på foreldrekontaktmøte i morgon og me håper å få med nokre personar i ei ny gruppe som kan tenkja nytt om kva 17.mai feiringa på skulen skal innehalda og organiserast.

7. **Rapport kafédialog.**

Viser til måldokument vedlagt innkallinga. Me tek denne oppatt på eit seinare møte korleis me skal arbeida vidare med tiltak mot mobbing og elles krenkjande oppførsel.

8. **Klassekassane under skulen. "Klassekasse 2008".**

Viser til sakshandsaming under pkt 5.

9. **Heim skule samarbeid; foreldredeltaking fleirkulturelle foreldre.**

Viser til vedlegg i innkallinga. Her var det sakspapir frå kommunen relatert til korleis me betre kan involvera framandspråklege. Ein mogleg måte er å dela ut på papir presentasjonar som blir gjennomgått i foreldremøte på foreldra sitt eige språk. Samstundes så må me som tillitsvalde foreldre ta større ansvar for å ta direkte kontakt med framandkulturelle og snakka med dei om å vera med i ulike utval i skulen, forklara dei kva det inneber. Viser elles til handboka for foreldre som ligg på heimesida til skulen.

10. **Møteplan 2017-2018.**

Me kjem tilbake til ny gjennomgang av denne.

11. **Aktuelt frå skulen.**

- God og roleg oppstart. Alle lærarar på plass og ny rektor godt i gang.
- Utviklingsplanen for skulen skal vedtakast i driftsstyret og blir deretter lagt på nett.
- Jubileum under planlegging.
- Ikkje noko nytt om ny skule og korleis det blir med utbygging kantine, aula og språkstasjon på Kleppe skule.

Referat frå møte i FAU Kleppe skule 29.08.2017 kl. 19:00.

- Me må koma i gang med korleis me skal arbeida vidare med Partnerskap mot mobbing.

12. Aktuelt frå driftsstyret/SMU

- Driftsstyret har møte 07.09.
- Representantar frå FAU til driftsstyret blir: Dag Folkvord, Beate Braut og Else Berit Hattaland.

13. Aktuelt frå KFAU

- Det skal vera kurs for nye tillitsvalde 05.09.

14. Eventuelt

- 1.trinn – friminutt: Det blei fortalt om uro blant nokre foreldre på første trinn. Nokre barn har vore utrygge i friminutta og kjent seg åleine. Det har vore uheldige episodar. Sylvia har fått e-post om saka og vil svara foreldra direkte etter at ho harr snakka med personalet for å få betre oversikt over kva som har skjedd. Sylvia fortalde at det er ei eiga vaktordning for første trinn. Elevane har gule refleksvestar ute slik at dei lett skal kjenna kvarandre igjen som å høyra til på same trinn. Det gjer også det lettare for dei vaksne å få oversikt over førsteklasingar. Det er alltid mange vaksne frå første trinn ute saman med barna på same trinn. Førsteklassingane saman med vaksne er åleine ute mellom 09:00-09:27. Dei går elles ut litt før dei andre i matfriminuttet.
- Skuleveg: Det blir rapportert om farlege situasjonar på skuleveg. Skulen ventar framleis på kommunen som før sommaren på synfaring sa at dei kunne setja opp innkjøring forbode skilt vidare inn Viervegen frå krysset ved Myrvegen og frå toppen av bakken på andre sida av Viervegen (nord) og ned til skulen. Sylvia purrar. Det kom opp forslag til at det kunne blitt utarbeidd kart med trafikksikre forslag til kor barna bør gå til skulen.

Neste møte blir: 26. september.